



Arkivnr: 2016/2314-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. mars 2016. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå 7 bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt lån i Kommunalbanken.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders lån med sertifikatvilkår i Kommunalbanken. Renta fram til 8. juni 2016 er 1,136 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.03.2016

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. mars 2016. Renta på lånet har vore 1,626 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og ein har fått inn desse tilboda:

	nominell rente
SEB Merchant Banking	1,130 %
Swedbank	1,130 %
Kommunalbanken	1,136 %
DNB Markets	1,173 %
Nordea Markets	1,190 %
Handelsbanken	1,200 %
Danske Bank Markets	1,220 %

I tillegg til oppgjeven rente kjem det VPS omkostningar og kontoføraravgift for sertifikatlån. Desse kostnadene er estimert til kr 12 540. Ved lån i Kommunalbanken er det ingen slike tillegg. Dermed kjem Kommunalbanken best ut når ein ser på totalkostnaden for lånet. Innsparinga i høve til bod nr. 2 er ca. 5 000 kr.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Kommunalbanken.